




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Jakta på den attraktive staden

Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023–2026

Kortversjon



# Byane og tettstadane er viktige for attraktiviteten til regionen vår

I 2022 budde 74 prosent i byar eller tettstadar i Møre og Romsdal, og trenden er aukande, slik som i resten av landet. I skrivande stund er det større mangel på folk enn på jobbar i Norge, og særleg er dette ei utfordring i distrikta. Folk i dag vel i større grad enn tidlegare bustad der dei finn dei tilboda dei ønsker. Det er ikkje lenger nok å tilby jobbar – stadane må også by på fleire kvalitetar som gir det gode livet som framtidens innbyggjarar vil ha, slik som gode bumiljø, levande sentrumsområde med handel, nærings- og kulturliv, rekreasjon og ein enkel kvardagslogistikk. Kva slags byar og tettstadar vi planlegg og utviklar har dermed betydning for regionen si trekk-kraft på folk.

## Regional planlegging er strategisk styring av utviklinga

Fylkesstrategien for attraktive byar og tettstader er ein del av fylkesplanen, og skal leggest til grunn for kommunal, regional og statleg planlegging i Møre og Romsdal. Strategien utdjuar eitt mål frå regional planstrategi og eitt mål frå fylkesplanen:

### Langsiktig utviklingsmål frå regional planstrategi:


**Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu.**

### Fylkesplanmål 5:

**Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport.**

Måla bygger på FN sine berekraftmål, og fylkesstrategien har resultatmål og retningslinjer som bidreg til å utdjupe og konkretisere dei overordna måla i fylkesplanen. Formålet med strategien er å styrke og utvikle eksisterande by- og tettstadsenter, fremme berekraftig arealbruk og transport, og legge til rette for sosial berekraft.

Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader vart vedteken under fylkestinget i april 2023, sak T0006/23. Dokumentet du les no, er ein kortversjon av fullversjonen, som du finn her ([lenkje](#)).




# Slik definerer vi sentrum i strategien

## Senterstruktur

Denne strategien gjelder for:


- Regionsentra (bysentrum + suppleringscenter/kjøpesenterområde)
- Kommunesenter
- Tidlegare kommunesenter i samanslåtte kommunar før kommunereforma 2020/2021.



## 10-minuttsbyen

Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader legg prinsippet om 10-minuttsbyen til grunn. 10-minuttsbyen er det området ein kan nå frå senterpunktet/midtpunktet i byen eller tettstaden ved å gå i 10 minutt. Å utvikle sentrum innanfor denne ramma bygger på kunnskap om at det vil gi god effekt på byliv, klimautslepp og attraktivitet å samle funksjonar, fortette i sentrum og kunne nå tilboda ved å gå mellom dei. Dette vil og kunne vere ein aldersvennleg by. Likevel vil 10-minuttsbyen vere for stort for dei minste sentrumsområda. Då vil det kunne vere riktig å leggje 5-minuttsbyen til grunn. Korleis denne avgrensinga gjer seg gjeldande i praksis blir illustrert med eksempel frå Smøla, Aure, Kristiansund og Løkkemyra på neste side .





Figur 1: Illustrasjon av 10-minuttsbyen i Hopen, Aure, Kristiansund og Løkkemyra.

## Bruk av strategien

### Strategien består av resultatmål og retningslinjer

Resultatmåla er dit vi ønsker å kome, altså resultatet av vår felles innsats. Retningslinjene konkretiserer korleis vi må rette innsatsen for å nå desse måla; dette er fylkeskommunen sin vedtekne politikk. Retningslinjene blir brukt både når fylkeskommunen gir råd og rettleiing om planlegging og by- og tettstadutvikling, og i høyringssvar på plansaker frå kommunane. Måla og retningslinjene vil kunne gi grunnlag for bruk av motsegn.

### Kortversjon, fullversjon og kunnskapsgrunnlag

Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar er utvikla på bakgrunn av eit omfattande kunnskapsgrunnlag, brei medverknad og innspel i høyringsfasen. Fullversjonen av strategien samt kunnskapsgrunnlag ligg på nettsida til [mrfylke.no](http://mrfylke.no).



# Samarbeidsfylket

## Slik vil vi ha det – resultatmål



- 1. Offentlege, private og frivillige aktørar skal ha eit systematisk og breitt samarbeid knytt til alle typar by- og tettstadararbeid, og skal så langt som råd vere formalisert i politiske vedtak eller avtalar.**
- 2. Offentlege, private og frivillige aktørar skal gjennomføre systematisk og brei innbyggarmedverknad mot alle berørte grupper knytt til alle typar by- og tettstadararbeid**
- 3. Gode vurderingar skal bli gjort knytt til trafikktrygging og universell utforming i formelle planprosessar.**




**Figur 2:** Sylteparken i Valldal sentrum

## Slik får vi det til – retningslinjer

### SAMARBEID

- a)** Samarbeid skal bli formalisert, og skje gjennom politiske vedtak, utbyggingsavtaler, partnerskapsavtaler, avtaler om spleiselag eller økonomisk medverknad, avtaler om praktisk gjennomføring eller anna formalisering.
- b)** Kommunane bør ta ei aktiv rolle som utviklingsaktør i arbeidet med by- og tettstadsutvikling og forming, og leggje til rette for samarbeid mellom offentlege, private og frivillige aktørar.
- c)** Ei enkel oversikt over interessentar og aktørar, kva dei kan medverke med eller korleis dei vil bli berørt, bør bli utarbeidd ved oppstart av alle større planprosessar/prosjekt/tiltak for by og tettstadutvikling. Relevante interessentar skal bli involvert med moglegheit for samarbeid og påverknad gjennom prosessen. Medverknad i planarbeid skal følgje krava i Plan- og bygningslova.
- d)** Eit metodeopplegg for brei og systematisk involvering av alle berørte innbyggjarar og utsette grupper bør bli utarbeida ved oppstart av alle større planprosessar/prosjekt/tiltak for by- og tettstadutvikling. Metodeopplegget skal bli gjennomført slik at innbyggjarane kan delta og påverke gjennom prosessen.



# Miljøfylket

## Slik vil vi ha det – resultatmål



- 1. Lokalisering av ulike funksjonar og fysiske anlegg i byar og tettstader skal skje på ein måte som aktivt reduserer transportarbeidet, klimagassutsleppa og miljøulempene**
- 2. Skadeverknader på og nedbygging av natur og kulturmiljø som følgje av tiltak og aktivitet knytt til veg, næringsareal, bygg og anlegg i byar og tettstader skal avgrensast så langt som råd**
- 3. Sirkulærøkonomi, gjenbruk, fleirbruk og god funksjonalitet skal ligge til grunn for utvikling og vedlikehald av bygningsmasse, arenaer og anlegg i byar og tettstader.**
- 4. Blågrøne strukturar i byar og tettstader skal bli bevart, restaurert og nytta med tanke på vasskvalitet, naturmangfald og berikande landskapselement**
- 5. Tilpassing til klimaendringar skal bli vektlagt i tilknytning til arealbruk, utforming av teknisk infrastruktur og bruk av material i byar og tettstader**

## Slik får vi det til – retningslinjer

### **LOKALISERING, AREALBRUK OG NATURMANGFALD**

**a)** Lokalisering av publikumsretta sentrumsfunksjonar som handel, service, offentleg og privat tenesteyting, kultur- og aktivitetstilbod, samt bedrifter med mange kontorarbeidsplassar, skal skje i sentrumskjerna, nær kollektivknutepunkt. «10-minuttersbyen» skal gjelde som prinsipp. Ved lokalisering utanfor sentrumskjerne, skal konsekvensar for sentrumsområde og etablert handel og service gjerast greie for. Fråvik frå dette skal bli grunngeve. Dersom nytt eller utvida bruksareal (BRA) er større enn 1500 kvm, skal verknadane bli analysert gjennom ein handelsanalyse. Fylkeskommunen skal utforme retningsgivande mal for slike analyser.

**b)** Mogleighetene for transformasjon og fortetting med høg kvalitet skal bli gjort greie for i samband med kommuneplanens arealdel, eller i reguleringsplanar i sentrumsområda. Transformasjon og fortetting skal som hovudregel bli prioritert framfor nedbygging av landbruksareal, naturareal eller andre viktige karbonlager og verdifulle landskap.

**c)** For å oppnå arealnøytralitet, skal anna areal bli restaurert til tilsvarende verdi dersom nedbygging av verdifullt landskap er uunngåeleg.

**d)** Uregulerte område sett av til bustadformål eller handelsareal i kommuneplanane, men som ikkje følgjer mål og retningslinjer i Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader, skal bli vurdert på nytt ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Eventuell vidareføring av arealbruk i strid med strategien skal bli grunngeve.

### **INNKJØP, KLIMATILPASSING, SIRKULÆRØKONOMI**

**e)** Kontraktar og avtalar som blir inngått i samband med alle typar by- og tettstadutviklingsarbeid, skal bli utforma slik at dei stimulerer til bruk av miljø- og klimavennleg teknologi, materialbruk og arbeidsmetodar. Dei bør om mogleg innehalde eit klimabudsjett og eit klimarekneskap

**f)** Renovering og/eller gjenbruk av gamle og/eller historiske bygg skal bli vurdert før eventuellriving og nybygg.

### **HANDTERING AV VATN**

**g)** Planlegging skal identifisere og sikre areal for overvasshandtering i byar og tettstader. Bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar bør bli vurdert.

**h)** Elver, bekker, grønt drag og restareal innanfor 10-minutters-by/tettstad skal som hovudregel ikkje bli lukka/fjerna, og skal bevarast så nær opp til den naturlege forma som mogleg. Det skal bli vurdert om lukka eller sterkt påverka vassdrag kan bli gjenopna og restaurert.





**Figur 3:** Sauneselva i Ulsteinvik



**Figur 4:** Sjøfronten i Vestnes



# Inkluderings- og kompetansefylket

## Slik vil vi ha det – resultatmål



- 1. Menneskeleg målestokk i dei bygde omgjevnadane, god folkehelse, utjamning av sosial ulikskap, tilbod og aktivitetsmoglegheiter, god framkome og tilgjenge for alle grupper skal ligge til grunn for forming av byar og tettstader**
- 2. Ulike typar kulturminne og kulturmiljø i byar og tettstader er ein felles kulturarv som bør bli knytt saman som grunnlag for kunnskap, oppleving, bruk og stadeigen identitet.**
- 3. Bygging, rehabilitering og utvikling av eit mangfald av anlegg og institusjonar for idrett og kultur i byar og tettstader skal stimulere til både organisert og eigenorganisert aktivitet, og innhald og tenester skal bli betre gjennom formidlingssamarbeid .**
- 4. All vekst i persontransporten i dei største byområda skal bli tatt med auka kollektivtransport, mobilitetsløysingar, sykling og gåing (FRÅ FS FOR SAMFERDSEL)**
- 5. Talet på hardt skadde og drepne i trafikken skal minst bli halvert innan 2030 (FRÅ FS FOR SAMFERDSEL)**
- 6. Mjuke trafikantar skal bli prioritert slik at dei får effektiv og trygg framkome, når trafikkarer går gjennom sentrumsområde.**



## Slik får vi det til – retningslinjer

### STADKVALITETAR OG STADUTFORMING

- a)** Kommunane skal utarbeide stadanalyser som grunnlag for arbeid med by- og tettstadforming.
- b)** Kommunen bør utarbeide formingsrettleiar, farge- og materialpalett for å byggje under og vidareutvikle heilskapleg og stadeigen identitet i byar og tettstadar.
- c)** Fysiske kunst- og kulturuttrykk som viktige element i utforming av sentrum bør kome inn tidleg i planlegginga.
- d)** Kulturminne, kulturmiljø og landskap i byar og tettstadar skal ivaretakast som felles ressursar for å styrke særpreg og identitet.
- e)** Moglegheitsstudiar, arkitektkonkurransar, parallelle oppdrag mv, som grunnlag for å fastlegge utviklingsretning bør utgreiast i forkant av arbeid med områdevis planlegging.
- f)** Biblioteka bør bli tilrettelagt som ein inkluderande møteplass for kunnskap og kultur, og som ein arena for deltaking og demokrati.
- g)** Kommunane bør ha ein overordna arkitekturstrategi i byar og tettstadar.
- h)** Kopling mellom plan og gjennomføring bør bli vektlagt allereie frå planoppstart, og verktøy som områdeplanlegging og utbyggingsavtalar bør bli nytta der dette er formålstenleg.
- i)** Relevant kompetanse på by- og tettstadutvikling bør bli nytta i kommunane til planarbeid, bestilling av arkitekturoppdrag (kommunale byggjeprojekt), analysearbeid, planlegging, og utforming av byrom.
- j)** Kommunane bør utarbeide ein heilskapleg byromsstrategi for byar og tettstadar.
- k)** Kortreiste, berekraftige og haldbare material som spelar på lag med det stadeige, og som er tilpassa bruk, drift og vedlikehald samt klimaendringar, bør bli brukt i forming av uterom.



## BUSTADUTVIKLING

**l)** Kommunane bør utvikle kommunale bustadstrategiar og retningsliner for differensiert bustadkvalitet og for arealutnytting, som blir lagt til grunn ved vurdering av behovet for utbygging og fortetting. Desse bør bli sikra i overordna plan. Utbyggingsavtalar mellom kommune og utbygger er eit eigna verktøy for å få til dette.

**m)** Einsidige leilegheiter mot nord og nordaust bør unngåast.

**n)** Høg arealutnytting bør bli kombinert med høge nabolagskvalitetar. Det bør bli etablert gode og store nok felles uteareal for lek, mangfaldig aktivitet og opphald, universelt utforma og tilpassa alle aldersgrupper. Det bør bli lagt vekt på snarveggar, ferdselsårer og koplingar mellom kringliggande byrom, grønstrukturar og utmark for urbant friluftsliv.

## TRANSPORT

**o)** Bypakker skal bli gjennomført i forpliktande trepartssamarbeid mellom kommune, fylke og stat. Alle partar skal medverke med målretta verkemiddel på sine ansvarsområde.

**p)** I tidleg planfase skal mjuke trafikantar, universell utforming og kollektivtransport/mobilitetstilbod bli prioritert knytt til planlegging, og ved endringar undervegs i prosessar.

**q)** Bygging, utbetring og drift av infrastruktur for gåande og syklende skal gjere det meir attraktivt å sykle og gå til skole og arbeid. Vintervedlikehald skal ha eit spesielt fokus.

**r)** Tilgjenge til samanhengande transportinfrastruktur i by- og tettstad bør vere godt kopla mot byrom, synleg og skilta, og effektiv for mjuke trafikantar

**s)** Kunnskap om, og prioritering av trafikktrygging skal ligge til grunn for vurderingar knytt til alle oppgåver i følgjande prioriteringsrekkefølge: Trafikktrygging, framkome, vegkapital.

**t)** Når ei transportåre går gjennom eit sentrumsområde, bør den bli vurdert utvikla gjennom transformasjon til gate i tråd med vegnormal N100, der mjuke trafikantar blir prioritert høgare.

## PARKERING

**u)** Enkle analyser som viser parkeringskapasitet og kapasitetsutnytting på ein representativ måte skal bli utarbeida ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel, eller delplanar for sentrumsområde. Analysane skal ligge til grunn for arealplanlegginga, med sikte på løysingar som medverkar til reduksjon av transportbehov og utvikling av attraktive sentrum. Behovet for slike analyser må og bli vurdert ved utarbeiding av reguleringsplanar i sentrumsområda.

**v)** Det skal som hovudregel bli sett krav til sykkel-P i byar og tettstader. Plasseringa skal gi rask og trygg tilkome til målpunkt, og ha moglegheit for låsing av sykkel til fast installasjon. Sykkel-P som skal nyttast over lengre tidsrom bør vere skjerma mot nedbør og vind, og vere sikra mot tjuveri.





**Figur 5:** Tussaparken i Ørsta sentrum

# Verdiskapingsfylket

## Slik vil vi ha det – resultatmål



1. **Kollektiv- og mobilitetstilbudet skal vere konkurransedyktig, attraktivt og kostnadseffektivt.**
2. **Det skal arbeidast med utvikling og innovasjon for betre og billegare samferdselsløysingar.**
3. **Varetransporten skal bli sikra god framkome, og trafikksikre forhold for varelevering i sentrumsområda.**
4. **Arbeidsplassar knytt til kontor, handel og service skal bli lokalisert i sentrumsområda i byar og tettstader for å skape meir byliv, og lettare tilgjenge til fleire funksjonar innanfor sentrumsområda. Kompetansearbeidsplassar i privat og offentlig sektor bør bli samlokalisert som eit «campus» i sentrum av byar og tettstader.**
5. **Universitets- og høgskuleområda (campusane) skal utviklast som knutepunkt for nyskaping, kreativitet og verdiskaping og skal medverke til utvikling av sentrum, eller knytast til sentrum med god transportinfrastruktur.**





## Slik får vi det til – retningslinjer

### NÆRINGS LIV

**a)** Også privat næringsliv bør i sine vurderingar og val følge retningslina om lokalisering og miljøkonsekvensar: Lokalisering av publikumsretta sentrumsfunksjonar som handel, service, offentleg og privat tenesteyting og aktivitetstilbod, samt bedrifter med mange kontorarbeidsplassar, skal skje i sentrumskjerna, nær kollektivknutepunkt. «10-minuttersbyen» skal gjelde som prinsipp. Ved lokalisering utanfor sentrumskjerna, skal konsekvensar for sentrumsområde og etablert handel og service gjerast greie for. Fråvik frå dette skal bli grunngeve. Dersom nytt eller utvida bruksareal (BRA) er større enn 1500 kvm, skal verknadane bli analysert gjennom ein handelsanalyse. Fylkeskommunen skal utforme retningsgivande mal for slike analyser.

**b)** Byane og tettstadene bør nyttast som arena for å teste ut nye løysingar og ny teknologi som bidreg til nyskapande, smart og grøn byutvikling.

**c)** Informasjon til og kontakt med kommunen bør bli oppretta så tidleg som mogleg når private aktørar skal utvikle eigedom, transformere, fortette, etablere nye handels- eller servicetilbod eller flytte slike.

**d)** Kommunane bør ha politisk vedtatt planverk der det er tatt høgde for og lagt inn føringar og prinsipp for framtidig utvikling og samarbeid. Dette gjer det mogleg med rask og systematisk avklaring og svar når private aktørar vender seg til kommunen.

**e)** Byar og tettstader bør utviklast slik at dei er godt tilrettelagt for besøkande, gjennom god skilting, lett tilgjengeleg informasjon og tilbod om servering, opplevingar og overnatting.

**f)** Gardeigarar og næringsaktørar bør organiserast gjennom gardeigar- eller sentrumsforeiningar for å styrke næringsutvikling i sentrum. Det bør bli lagt til rette for arbeidsfellesskap i sentrum der små og store arbeidsgivarar kan samlokalisast.

### TRANSPORT (FRÅ FYLKESSTRATEGI FOR SAMFERDSEL)

**g)** I samarbeid med næringslivet skal deira behov for framkome bli tatt omsyn til ved planlegging og gjennomføring av drifts-, vedlikehalds-, og investeringstiltak

**h)** Tenesteutvikling og innovasjon for å utvikle nye løysingar skal bli initiert og gjennomført, og kundar og brukarar skal bli involvert i testing av løysingar der det er naturleg

**i)** Innkjøpsprosessar skal i hovudsak gjennomførast ved å stille funksjonskrav for at dette skalstimulere til utvikling av nye løysingar og reduserte kostnadar, og at næringslivet sin kompetanse blir nytta.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)